

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høringsfråsegn
Dykkar ref: 202518850
Vår ref: 2026/18072
Dato: 12.03.2026

Mattilsynet sin uttale til høyring av to søknader om uttak av vatn i Ullensvang kommune – Vestland fylke

Vi viser til høyringa av dei to søknadene om uttak av vatn i Ullensvang kommune. Søknadene gjeld utviding av det eksisterande uttaket av vatn frå Støselva som hovudvasskjelde, samt uttak av vatn frå Histeinselva som reservevasskjelde for Seljestad vassverk. Dykkar referanse: 202518850-4.

Mattilsynets rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for områda planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatt. Som høyringsinstans har vi i oppgåve å bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Mattilsynets vurdering

Drikkevassforskrifta stiller krav om at vassverkseigar skal sikre ein robust og stabil vassleveranse. Ein sentral del av dette er at vassforsyninga skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere sikra mot avbrot. Mattilsynet vurderer difor at den planlagte oppgraderinga av Seljestad vassverk er særskild viktig.

Per i dag er kapasiteten til hovudkjelda avgrensa, og Støselva fungerer berre som reserve. Den planlagde ordninga – der Støselva vert hovudvasskjelde og Histeinselva reservevasskjelde – representerer etter Mattilsynet sitt syn ei vesentleg og naudsynt forbetring av drikkevasstryggleiken. Dette er i tråd med prinsippa om fleire uavhengige vasskjelder og barrierar mot forureining og svikt i vassforsyninga.

Mattilsynet merkar seg at vasskjelda etter 2030 òg skal sikre vatn til brannsløkking i Røldalstunnelen på E 134. Det er viktig at prosjektet vert gjennomført med tilstrekkeleg kapasitet og at anlegget vert dimensjonert for å møte dei samla behova på ein trygg måte, utan at dette går på kostnad av tryggleiken i drikkevassforsyninga.

Vi vil peike på følgjande moment som bør takast omsyn til i det vidare arbeidet:

– Sikringssona kring inntaka bør fastsetjast i tråd med gjeldande regelverk for å hindre ureining av råvatnet.

Konklusjon

Mattilsynet støttar føremålet med prosjektet og ser det som avgjerande for drikkevasstryggleiken i Seljestad-området at Ullensvang kommune får etablert eit robust vassforsyningssystem med både ei sikker hovudvasskjelde og ei fullverdig reservevasskjelde.

Vi håpar søknadene vert handsama raskt og positivt av NVE, slik at prosjektet kan gjennomførast i tråd med framdriftsplanen.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Chi Thuy Le
seniorrådgiver

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved